



Til
barne- og ungdomsskulane i Meland kommune

Vår ref: 18/3639-18/015. Vår dato: oktober 2018

Informasjon om tilskot til pc og utlån av rettskrivingsprogram

Stortinget vedtok i 2014 ei ordning for tilskot til standard datautstyr til bruk ved skularbeid for grunnskoleelevar med spesifikke lese- og skrivevanskar.

NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland som forvaltar ordninga i fylket, får ofte spørsmål frå skulane om utfylling av søknaden og dokumentasjon som skal leggest ved.

Difor har vi utarbeidd informasjon om vilkåra for å få stønad, søkeprosessen og utdrag av regelverket for ordninga. Informasjonen ligg som vedlegg til dette brevet.

Med vennleg helsing

Kirsten Sæle
NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Vilkår for rett på tilskot til pc og utlån av rettskrivingsprogram.
- Vedlegg 2: Informasjon om utfylling av søknad og utbetaling/utlevering.
- Vedlegg 3: Utdrag av regelverket, lov om folketrygd §§ 10-6, 10-7 og rundskriv til lov om folketrygd § 10-7 «*Standard datautstyr (PC)*».

NAV HJELPEMIDDELSENTRAL HORDALAND //

Postadresse: Postboks 121 Kokstad // 5863 BERGEN

Besøksadresse: Kokstaddalen 35 // 5257 Kokstad
Tel: 53 04 03 00 // Faks: 55 10 52 11

www.nav.no // nav.hms.hordaland@nav.no



Vedlegg 1 – Vilkår for tilskot til pc og utlån av rettskrivingsprogram gjennom folketrygda

Vilkår for å få tilskot til pc gjennom folketrygda

- Søkaren må vere elev i grunnskolen (barne- eller ungdomsskule).
- Søkaren må ha diagnosen «spesifikke lese- og skrivevanskar». Diagnosen må vere dokumentert av fagperson (PPT, logoped eller spesialpedagog).
- Kontaktpersonen på skulen må dokumentere at pc eller nettbrett skal nyttast i det pedagogiske opplegget ved skulen. Dokumentasjonen må innehalde ei kort, generell skildring av undervisninga og korleis datahjelpemidla skal nyttast. Dokumentasjonen skal leggast ved søknaden.
- Det må gå fram i søknaden at skulen tek på seg opplærings- og oppfølgingsansvar.
- Søkaren har berre rett på tilskot til pc eller nettbrett frå folketrygda når behovet ikkje blir dekt gjennom andre ordningar. Viss søkaren har tilbod om pc eller andre digitale einingar som ikkje dekker søkaren sitt behov, må søknaden innehalde informasjon om dette saman med ei beskriving av kvifor dette ikkje er ei god nok løysing for søkaren.
- Tilskotet blir utbetalt som eit fast beløp, bestemt av gjeldande regelverk.
- Søkarar som har motteke tilskot til pc gjennom folketrygda, kan først søke om nytt tilskot etter fire år.

Vilkår for å få låne rettskrivingsprogram frå folketrygda

- Søkaren må ha ein diagnose som gir behov for rettskrivingsprogram. Diagnosen må dokumenterast av fagperson. Det er ikkje krav om diagnosen «spesifikke lese- og skrivevanskar».
- Det må bli oppgitt i søknaden korleis programvara vil betre søkaren sin funksjon på skulen og ved leksearbeid i heimen.
- Viss søkaren er elev ved barne- eller ungdomsskulen, må skulen ta på seg opplærings- og oppfølgingsansvar av rettskrivingsprogrammet.
- Viss søkaren har tilgang til programvare gjennom kommunen må søknaden innehalde informasjon om dette saman med ei beskriving av kvifor kommunen sin programvare ikkje er ei god nok løysing for søkar.
- Viss søkaren har tilgang til programvare gjennom kommunen, kan denne programvara også installerast på søkaren sin pc i heimen.
- Det er viktig rettskrivingsprogrammet som blir vald kan nyttast saman med den pc-en/digitale eininga (nettbrett, chromebook) søkaren skal bruke.
- Retteprogram kan også lånast ut til personar som ikkje er elevar i grunnskulen.



Vedlegg 2 - Utfylling av søknad

Utfylling av søknadsskjema

- Søknadsskjema ligg på nav.no.
Bruk skjemaet «Søknad om hjelpemiddel» (NAV 10-7.03).
- Bruk søkaren/barnet sitt fødselsnummer i skjemarettleiaren på nettsidene.
- Det er viktig at søknadsskjemaet er fylt ut korrekt og fullstendig. Hugs å skrive e-postadresse både til pårørande og til opplærings-/oppfølgingsansvarlig på skulen.
- Viss søkaren er under 18 år, signerer pårørande. Pårørande bør skrive namnet sitt med blokkbokstavar i tillegg til å signere, for at det skal gå klart fram kven tilskottet skal betalast til.

Førsteside til søknaden

- Saman med søknaden skal det sendast ei såkalla «førsteside». Denne blir oppretta automatisk i skjemarettleiaren på nav.no, saman med søknadsskjemaet.
- På førstesida står adressa der søknaden skal sendast.

Vedlegg til søknaden

- Søknaden må innehalde dokumentasjon på diagnosen. Det er ikkje tilstrekkelig til dømes at ein fagperson meiner at testen indikerer at barnet har dysleksi. Viss det er skulen som har gjennomført testen/ logos, skal testen/logos-rapporten leggjast ved søknaden. Viss det er ein logoped som har gjennomført testen/logos, er det tilstrekkelig at logopeden skriftleg stadfestar at testen er gjennomført og opplyser om resultatet.

Utbetaling / utlevering

Utbetaling av tilskot

- Tilskotet blir utbetalt som eit fast beløp, fastsett i gjeldande regelverk.
- Utbetaling skjer enten til oppgitt kontonummer (registrert i NAV sitt system på førehand), til medlemmen sjølv eller til den pårørande som har signert søknaden.
- Utbetaling skjer nokre dagar etter at vedtaket er fatta.
- Når pengane er mottekne, kan pårørande og skule i samarbeid kjøpe pc.
- Når pc-en er kjøpt, er den eigd av søkaren.

Utlevering av programvare

- NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland sender lisensnummeret til kommunen sin felles mottaksstad for hjelpemiddel. Hjelpemiddelsentralen har òg nummeret og kan opplyse om det ved behov..
- Når lisensnummeret til programvaren er motteken, og programvaren skal installeras, må instruksjonen for installering bli følgd frå punkt for punkt.
- NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland eig programvaren som blir lånt ut.

Vedlegg 3 – Utdrag av gjeldende regelverk

Folketrygdloven § 10-6. Stønad til bedring av funksjonsevnen i dagliglivet.

Når et medlem har fått sin funksjonsevne i dagliglivet vesentlig og varig nedsatt på grunn av sykdom, skade eller lyte, ytes det stønad etter § 10-7.

Stønadens ytes i forbindelse med tiltak som er nødvendige og hensiktsmessige for å bedre medlemmets funksjonsevne i dagliglivet eller for at vedkommende skal kunne bli pleid i hjemmet.

Folketrygdloven § 10-7. Stønadsformer

Et medlem som fyller vilkårene i § 10-5 eller 10-6, kan få stønad i form av utlån av, tilskott til eller lån til

- a) hjelpemidler, herunder skolehjelpemidler med unntak av læremidler.

Rundskriv til folketrygdloven § 10-7

Standard datautstyr (PC)

Tilskudd til standard datautstyr til skolearbeid

Stortinget vedtok i Revidert Nasjonalbudsjett for 2014 at tilskuddsordning for stønad til PC for *skoleelever* med lese- og skrivevansker skulle innføres fra og med 1.8.2014.

Tilskuddsordningen skal gjelde for elever med *spesifikke lese- og skrivevansker*.

Tilskudd til datautstyr kan gis til elever med spesifikke lese- og skrivevansker, som dysleksi. PP-tjenesten, logoped eller lignende må *dokumentere at det er et særskilt behov for PC*.

Begrepene «Spesifikke lese- og skrivevansker» og «dysleksi» blir brukt om hverandre. Det er ikke et krav til at en dysleksidiagnose er eksplisitt uttalt, så lenge det er dokumentert at det foreligger spesifikke lese- og skrivevansker.

Ved spesifikke lese- og skrivevansker er det lese- og skrivevansken i seg selv som er hovedproblemet, i motsetning til generelle lese- og skrivevansker der vanskene har sitt opphav i noe annet. Det kan være konsentrasjon, atferdsvansker, forsinket språkutvikling, motorikk, redusert konsentrasjon/evne eller andre sykdommer.

Elever som har behov for datautstyr av andre grunner enn spesifikke lese- og skrivevansker, skal fortsatt få dekket dette av skolemyndighetene.

Det gis ikke tilskudd til datautstyr dersom behovet for PC kan dekkes gjennom andre stønadsordninger.

I henhold til opplæringslova § 3-1 niende ledd har skoleeier ansvaret for å holde elever i videregående skole med nødvendige trykte og digitale læremidler og digitalt utstyr som for eksempel PC. *Det gis derfor ikke stønad til PC til elever i videregående opplæring.*

Tilskuddsordningen innebærer at bruker ved innvilgelse av søknad får tildelt et fastlagt beløp til anskaffelse av standard datautstyr. Beløpet er 3 235 kroner.

Bruker må selv ta ansvaret for det utstyret som blir kjøpt. Det kan søkes om nytt tilskudd etter fire år.

Saksbehandling

Det skal foreligge en begrunnet søknad. For datahjelpemidler i skole-/utdanningsammenheng skal skolen/lærebedriften/PP-tjenesten utrede elevens behov, eventuelt i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnere i kommunehelsetjenesten, spesialpedagogiske kompetansesentra, hjelpemiddelsentralen o.a.

Kontaktpersonen ved skolen må dokumentere at PC eller nettbrett skal inngå i det pedagogiske opplegget ved skolen. I begrunnelsen for søknaden skal det gis en generell beskrivelse av undervisningen, og hvorfor det er nødvendig med datahjelpemidler. Det skal oppgis et navn på oppfølgingsansvarlig.